



Justis- og beredskapsdepartementet
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jan W Jensen Ruud, 35 58 61 48

Høyringsfråsegn - NOU 2019 13 - når krisen inntreffer

Fylkesmannen i Vestfold og Telemark støtter Beredskapshjemmelsutvalget si anbefaling om ein sektorovergripande fullmakts- og suspensjonsheimel for ekstraordinære krisesituasjonar gjennom ein eigen krisefullmaktslov. Fylkesmannen meiner òg at dei prosessuelle skrankane som utvalet gjer framlegg om er veleigna og naudsynte.

I ei elles vel gjennomarbeidd utgreiing meiner Fylkesmannen i Vestfold og Telemark at det i liten grad er vurdert behovet for ein tilsvarende fullmakts- og suspensjonsheimel på regionalt nivå.

I kapittel 8.4, på side 80, omtalast dei særlege fullmaktene som ligg i Beredskapsloven og det vert vidare vist til vurderingar frå Sårbarhetsutvalget som ein finn i kapittel 11.2.1, på side 100-101. I det følgjande kjem me tilbake til begge desse tilvisingane.

Fylkesmannsembetet si rolle og oppgåver finn ein i Fylkesmanninstruksen og Fylkesmannens samfunnssikkerhetsinstruks.

Fylkesmanninstruksen

Fylkesmanninstruksen frå 1981 slår i § 1 fast at «*Fylkesmannen er Kongens og Regjeringens representant i fylket og skal arbeide for at Stortingets og Regjeringens vedtak, mål og retningslinjer kan bli fulgt opp.*». Vidare står det i same paragrafen at «*Fylkesmannen skal med dette som utgangspunkt virke til gagn og beste for fylket og ta de initiativ som finnes påkrevd.*»

Fylkesmannens samfunnssikkerhetsinstruks

Fylkesmannen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap, herunder rolle og oppgåver i krisehandtering, er fastsett i Fylkesmannens samfunnssikkerhetsinstruks frå 2015.

Her vert Fylkesmannen si rolle og oppgåver i fredskriser omtalt i kapittel IX:

Fylkesmannens regionale samordningsansvar ved håndtering av uønskede hendelser.

Frå fyrste avsnitt i kapittel IX:

«*Fylkesmannen skal på regionalt nivå samordne den sivile krisehåndteringen, og mellom sivile og militære*



myndigheter, for å sikre optimale løsninger i samarbeid med berørte aktører, og i samsvar med gitte instruksjoner, retningslinjer og lover. Når uønskede hendelser er varslet eller har oppstått, skal fylkesmannen og berørte politimestere umiddelbart etablere gjensidig kontakt for å vurdere situasjonen».

Frå siste avsnitt i kapittel IX:

«Ved uenighet mellom medlemmene i fylkesberedskapsrådet skal fylkesmannen aktivt bidra til å oppnå én felles løsning. Fylkesmannen fremlegger eventuelle saker der det ikke er enighet om hvilke sivile tiltak som bør iverksettes, for Justis- og beredskapsdepartementet via Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap for videre behandling og avgjørelse».

Fylkesmannen sin rolle og oppgaver i krig vert omtalt i kapittel X:

Særskilte bestemmelser under væpnet konflikt, krigsfare og lignende forhold.

Frå kapittel X:

Er fylkesmannen avskåret fra kontakt med regjeringen, eller oppstår det på grunn av forholdene fare hvis beslutninger utsettes, skal fylkesmannen, i den utstrekning det er nødvendig for å ivareta samfunnsviktige interesser, gi bestemmelser og utøve forvaltningsmyndighet som nevnt i lov 15. desember 1950 nr. 7 om særlige rådgjerd under krig, krigsfare og liknende forhold § 5 første ledd, jf. § 3.

Med utgangspunkt i utvalet si tredeling (s 18) av dei ekstraordinære krisene, som er nivået der fylkesmannen har ei aktiv krisehanderingsrolle, så kan ein seie at:

- **Krig, krigslignende tilstand o.l.**
Fylkesmannen finn heimel for oppgåvene sine i Beredskapsloven
- **Ekstraordinære hendelser som håndteres gjennom alminnelig beredskap**
Fylkesmannen finn heimel for oppgåvene sine i Fylkesmannens samordningsinstruks
Slik samordning i fredskriser krev konsensus, om ikkje så må saka løftast til departementsnivå. Dette vil normalt sett ikkje vere til stort hinder for gode løysingar.
- **Ekstraordinære hendelser av høyere alvorlighetsgrad**
Fylkesmannen kan få dei same utfordringane med heimelsgrunnlaget for relevante tiltak som ein kan få på nasjonalt nivå i desse gråsonescenaria som utgreiinga har teke opp.
Konsensuskravet for alminnelege fredskriser gjer òg at desse utfordringane til dels kan vere større.

Som vist til tidlegare i denne fråsegna så har Sårbarhetsutvalget sagt noko om dei utfordringane fylkesmennene har med heimelsgrunnlaget ved krisehandtering i fredstid. Desse orda er minst like gyldige no nesten 20 år etter:

«Sårbarhetsutvalget la på sin side vekt på de uklare, uheldige sidene ved nødrettsutøvelse da de foreslo å gi fylkesmennene en sektorovergripende hjemmel til å treffe beslutninger ved regionale krisesituasjoner i fredstid: Det kan være frykt for at en slik generell fullmakt vil kunne skape forvirring omkring ansvarsforhold og roller i en situasjon som allerede fremstår som uoversiktlig. Imidlertid er dette egentlig bare et spørsmål om fylkesmannens evne til å utøve lederskap. Det kan også vises til at fylkesmannen i verste fall har anledning til å ta i bruk nødretten. (...) Nødretten har (nødvendigvis) et ubestemt og udefinert innhold. Ut fra nødretten er det mulig (for hvem som helst) å foreta seg hva som helst i en krisesituasjon. Ut fra hensynet til demokrati og rettsstatens prinsipper er dette betydelig verre enn å ha nærmere regulerte og begrensede fullmakter for krisesituasjoner. Nødrett gir i tillegg ikke noe planleggingsgrunnlag.»



Med det nye risikobiletet me ser – endringar i den tryggleikspolitiske situasjonen, auka gjensidig avhengigheit av kritisk infrastruktur og gjennomgåande bruk av nettbaserte IKT-løysingar, samt dette med hybride scenario som me ser meir og meir av, så kan en vel trygt seie at desse utfordringane med gråsonescenario og naudrettsproblematikk har auka.

Fylkesmannen vil oppmode til at ein vurderer nærare behovet for ein sektorovergripande fullmakts- og suspensjonsheimel også på regionalt nivå.

Med helsing
Fylkesmannen i Vestfold og Telemark

Per Arne Olsen

Jan W Jensen Ruud
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent